

---

Saksnr: 2021/6911-1  
Saksbehandlar: Atle Skrede

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

## Tilskot til dagsturhytter i Vestland 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 1 600 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Ullensvang kommune	Odda	200 000
2	Ullensvang kommune	Jondal	200 000
3	Ullensvang kommune	Ullensvang	200 000
4	Modalen kommune		200 000
5	Etne kommune		200 000
6	Fitjar kommune		200 000
7	Osterøy kommune		200 000
8	Ulvik kommune		200 000

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.402, tilskot til dagsturhytter.

## Samandrag

Arbeid med dagsturhytter er forankra i temaplan Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland fylkeskommune 2020 - 2024 og er tiltak 8 i handlingsprogrammet; «vidareføre dagsturhytteprosjektet til alle kommunane i Vestland».

I møte 13.02 2020 PS 19/2020 vedtok Hovudutval for kultur, idrett og integrering retningslinene for dagsturhytter i Vestland fylke for perioden 2019-2021, slik det var skissert i saka frå fylkesutvalet i Hordaland 30.08.2019.

Det kan søkjast om tilskot til ei dagsturhytte i kvar kommune etter gamal kommunestruktur i Hordaland, og no har 28 av 33 søkt om fylkeskommunalt tilskot. Saka gjeld tilskot til bygging av dagsturhytter i åtte kommunar.

Øygarden kommune har vedteke å bygge tre dagsturhytter. Dei har fått tildelt midlar til den i Fjell og søkjer i 2022 om tilskot til dagsturhytter i Sund og Øygarden. Bergen har inntil vidare avstått frå deltaking i prosjektet på lik linje med Askøy og Granvin.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:  
Oversikt over tildelinga

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Etablering av dagsturhytter i 26 kommunar i gamle Sogn og Fjordane har vore ein stor suksess med over 400 000 besøk sidan første hytta vart etablert i Gloppen i 2017. I 2019 vart arbeidet med dagsturhytter i Hordaland starta opp. Målet var å bygge ei hytte i kvar kommune med privat og offentleg finansiering i tillegg til spelemidlar. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane bidreg med 100 000 kr. til kvar hytte, BKK med 50 000 kr. til etablering av solcellepanel på kvar hytte og fylkeskommunen bidreg med 200 000 kr. under føresetnad av spelemiddelsøknad og politisk vedtak i kommunane om kommunal med-finansiering.

### Føremål med ordninga

Fylkeskommunen vil gjennom denne tilskotsordninga bidra til at kommunane får etablert dagsturhytte for å styrke høve til å utøve friluftsliv i nærmiljøet for folk i Vestland. Dagsturhytta skal vere eit attraktivt lågterskeltilbod for turgåarar - ein møteplass for å ete matpakka si, få litt varme i seg og bla i bøker. Kvar hytte har eit nynorsk turbibliotek med mange ulike bøker.

#### Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021: Kr. 1 600 000

Søknadsfrist 2021: Fortløpande innan 4. mars  
Vedtak kriteria: Hovudutval for kultur, idrett 13.02 2020 PS  
19/2020

Kriteria og informasjon om ordninga: Informasjon til aktuelle kommunar

Tal på søknadar: 8  
Tal på søknadar som vart tildelt støtte: 8  
Samla søknadssum: Kr. 1 600 000  
Samla løyving: Kr. 1 600 000

### Fylkesrådmannen sine overordna kommentar til innstillinga:

Det kan søkjast om tilskot til ei dagsturhytte i kvar kommune etter gamal kommunestruktur i Hordaland, og no har 28 av 33 søkt om fylkeskommunalt tilskot. Saka gjeld tilskot til bygging av dagsturhytter i åtte kommunar i 2021.

### Absolutte kriteria

Det er krav om politisk forankring i kommunane og at tomte vurdering har teke omsyn til dei kriteria som er sette for tiltaket av fylkeskommunen.

### Vurderingskriteria

Fylkeskommunen legg til grunn kommunane si signering av kontrakt med Stad Kystbygg AS (dei vann anbuds konkurransen). Frist for signering var 27. september 2020. Hyttetomtene er vurdert etter kriteria sett av Vestland fylkeskommune, m.a. at dagsturhytta bør vere i nærleik til samfunnsfunksjonar som skule, barnehagar, maksimalt 15 minuttar køyring frå kommunesenteret til startpunktet på stien, og god utsikt frå tomte der ein ser kommunesenteret for å bygge lokal identitet. Hytta skal vere ein sosial møteplass i naturen på tvers av alder, etnisitet, funksjonsevne og vere open døgnet rundt og gratis å bruke. Det er oppmoda om at fleire av dagsturhyttene bør vere universelt tilgjengelege.

### Vurderingar og verknader

Fylkeskommunalt tilskot reduserer kommunane sin eigendel i ein finansieringsmodell med offentleg og privat finansiering. Dagsturhytta vil bidra til å styrke folkehelsa i form av godt tilrettelagde turområder i nærleiken der folk bur og oppheld seg i kvardagen. Det er eit mål for prosjektet at fleire av turvegane inn til hyttene og sjølve hytta med sanitæranlegg, skal vere tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med vedteke budsjett for 2021, post 460.402 - tilskot til dagsturhytter. Prosjektplanen avdekkar trong for vidare fylkeskommunale løyvingar for 2022. Det må vurderast i samband med årsbudsjett og økonomiplan 2022- 2025.

**Klima:** Nærfriluftsliv er eit satsingsområde som reduserer klimaavtrykket frå folk sine fritidsaktivitetar. Dagsturhytter er eit av fleire gode tiltak som vert sett for å styrke arbeidet med tilrettelegging i nærmiljøet.

**Folkehelse:** Dagsturhytte - prosjektet er eit godt folkehelseiltak som styrkar folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval. Dette er i samsvar med føringar i Meld. St. 19 (2018 - 2019) «Folkehelsemeldingen - Gode liv i eit trygt samfunn».

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål. Tiltaket er forankra i handlingsprogrammet i temaplan Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland fylkeskommune 2020 - 2024.

### **Konklusjon**

Tiltaket er i tråd med visjonen til fylkeskommunen på feltet; *fysisk aktivitet for alle*. Fylkesdirektøren tilrår hovudutval for kultur, idrett og integrering om å vedta løyving til etablering av dagsturhytte i kommunane Modalen, Etne, Fitjar, Osterøy og Ulvik og tre hytter i Ullensvang (Odda, Jondal og Ullensvang).